

Innkalling til årsmøte i Odda Mållag

sundag 7. mars 2021 kl. 18.00 Møtestad: Ungdomshallen i Odda

Sakliste:

- 1. Godkjenning av innkalling og sakliste.**
- 2. Val av ordstyrar, skrivar og protokollunderskrivarar.**
- 3. Godkjenning av årsmeldinga for 2020. Jf. vedlegg.**
- 4. Godkjenning av rekneskapen for 2020. Rekneskapen vert lagd fram i møtet.**
- 5. Val av styre.**
- 6. Val av valnemnd
Styret kjem med framlegg.**
- 7. Val av revisor.**
- 8. Val av utsendingar til årsmøtet i Hordaland Mållag.**
- 9. Målprisen 2020**

Etter årsmøtet:

Fylkestingsrepresentant Terje Kollbotn held føredrag om arbeidet for nynorsk i Vestland fylke.

Odda 10.02.21

Styret i Odda Mållag

PS: Ny e-postadresse? Då sender du den nye adressa til knu-dale@online.no

Årsmelding for 2020

Styret valt på årsmøtet 23.02.20

Knut O. Dale, leiar (vald for eitt år)	Varamedlemer:
Harry Solberg (attvald for 2 år)	1: Gry Folkvord (vald for eitt år)
Harald Jordal (ikkje på val)	2: Ingvild Jøsendal (vald for eitt år)
Solveig Grønlien (attvald for 2 år)	3: Britt-Janne Meland (vald for eitt år)
Håkon Tverdal (ikkje på val)	Valnemnd: Sigrid E. Lerbak (leiar), Olav Tveita og Ingebjørg Eitrheim Nondal.

Styret konstituerte seg med Harry Solberg som nestleiar og Marit Bleie Mannsåker som rekneskapsførar og Håkon Tverdal som kasserar. Harald Jordal er skrivar. I 2020 hadde styret sju møte. Revisor vald på årsmøtet: Gerd K. Hereide.

Våren 2020 trekte Gry Folkvord seg frå arbeidet i styret.

Leiaren i Ullensvang Mållag Johannes H. Sekse og leiaren i Jondal Mållag Jofrid Espeland har vore med på fleire styremøte og Odda Mållag har hatt eit godt samarbeid med mållaga både i Jondal og Ullensvang.

Medlemstalet:

Medlemstalet i 2019 var på 136 og det er ein nedgang på fire medlemmar samanlikna med medlemstalet i 2019. Odda Mållag hadde ei vervelysing i Hardanger Folkeblad 27.11.20.

Utsendingar på møte og seminar:

På årsmøtet til Hordaland Mållag i Bergen møtte Harald Jordal, Solveig Grønlien og Knut O. Dale frå Odda. Solveig Grønlien er nestleiar i styret for Hordaland Mållag medan Knut O. Dale er leiar i skulemålsnemnda i Hordaland Mållag.

På det digitale landsmøtet til Noregs Mållag laurdag 17.10. møtte Harald Jordal, Ingvild Jøsendal og Britt-Janne Meland frå Odda Mållag. Solveig Grønlien og Knut O. Dale var utsendingar for Hordaland Mållag. Utsendingane frå Odda møttest i møterommet på LO-huset. Håkon Tverdal var til stor hjelp med tekniske og digitale utfordringar for landsmøtedeltakarane.

På skulemålsseminaret til Hordaland Mållag i Bergen 22.02.20 møtte Solveig Grønlien og Knut O. Dale.

Arbeidet for språkdelt ungdomsskule (Odda-modellen):

På årsmøtet til Hordaland Mållag 15.08.20 sa leiaren i Noregs Mållag Peder Lofnes Hauge at han ville prioritera arbeidet for språkdelt ungdomsskular. Han sa og at truverdet til Venstre i regjeringssamanheng står og fell med om partiet får gjennomslag for Oddamodellen på landsplan.

Målbruksplan for Ullensvang kommune:

Odda Mållag saman med mållaga i Jondal og Ullensvang overleverte på møte med ordførar Roald Aga Haug og rådmann Ole-Jørgen Jondahl eit framlegg til målbruksplan for Ullensvang kommune. På møtet 07.01.20 møtte frå mållaga Jofrid Kårstad, Oddveig Vetlesand, Johannes H. Sekse og Knut O. Dale.

Sidan Ullensvang kommune enno ikkje har vedteke nokon målbruksplan, har saka stått på dagsorden på fleire styremøte i 2020, m.a. på styremøtet 2.11.20 der Jofrid Espeland frå Jondal Mållag og Johannes H. Sekse frå Ullensvang Mållag deltok.

20.01.21 sende dei tre mållaga i Ullensvang kommune eit nytt utkast til målbruksplan for Ullensvang kommune. Brevet var stila til ordførar Roald Aga Haug og rådmann Ole Jørgen Jondahl.

Ullensvang kommune

ved

ordfører Roald Aga Haug og rådmann Ole Jørgen Jondahl

Målbruksplan for Ullensvang kommune

Då den nye kommunen skulle skipast, var det to nynorskkommunar og ein språknøytral som skulle gå saman.

Eit av dei viktige spørsmåla det ikkje var usemje om var at den nye kommunen skulle vera ein nynorskkommune. Det var i realiteten overdøvande stilt kring spørsmålet.

Det la seg sjølv eit godt fundament for realisering av den nye kommunen som språkaktør.

Kommunen er ein sær viktig tekstprodusent i den skriftlege kommunikasjonen med innbyggjarane sine og tilreisande. Kommunen er den institusjonen som er mest til stades i dei fleste sitt liv enten dei er tilsette i kommunen eller ikkje. Dette gjeld frå vogge til grav for å seia det biletleg.

Tekst er og så mangt. Det er eit vidspreidd felt som femner frå offentleg skilting og ulike oppslag til annonsering, nettinformasjon, brev til innbyggjarane og tekst i saksutgreiingar og andre offentlege dokument som planar av ein kvar art, samt budsjettframlegg og rekneskap.

I vårt språkdelte land er det og vanskelegare å vera ein god nynorskkommune enn å vera nøytral eller bokmålskommune.

Kommunestyret i den nye kommunen Ullensvang har det overordna ansvar for å gjera kommunen til ein trygg og stø nynorskkommune. Dette tyder i praksis at administrasjonen på alle nivå må vera medviten kor vidt dette ansvaret strekkjer seg, og at administrasjonen og grupper som har direkte «publikumskontakt» inkludert lærarar, barnehagepersonell og SFO -tilsette og har kunnskap og kompetanse om nynorsk som skriftspråk. Dette gjeld ikkje minst i ordval, bøyingsformer og syntaks (ordstillinga) i setningane. Bokmålstekst omsett til nynorsk ord for ord vert ofte svært klein tekst.

For at Ullensvang lettast skal makta å verta ein god nynorskkommune som og produserer språkleg kompetente og medvitne og engasjerte innbyggjarar meiner dei tre mållaga at det vil vera lurt å vedta ein språkplan (målbruksplan) for kommunen.

Det bør vera ein plan som uttrykkjer overordna målsetjingar og konkrete tiltak for å nå måla.

Opplæring av tilsette og nytilsette som har trong for det, må tilbydast. For administrative stillingar vil det t.d. vera viktig ved utlysing at det er ein nynorskkommune som søker etter folk, og at det vert stilt krav om slik kompetanse i det daglege arbeidet.

Vi sender med dette på nytt eit framlegg til målbruksplan for Ullensvang Kommune, og ber om eit samrådsmøte om emnet innan utgangen av februar.

Med venleg helsing

Odda Mållag

Ullensvang Mållag

Jondal Mållag

Knut O. Dale

Johannes H. Sekse

Jofrid Espeland

MÅLBRUKSPLAN FOR ULLENSVANG KOMMUNE

1. Målform

Kommunestyret har vedteke at nynorsk er administrasjonsmål i Ullensvang kommune.

Vedtaket inneber at:

- dei tilsette er pålagde å nytta nynorsk i arbeidet sitt – både i innoverretta og i utoverretta skriftleg framstilling.
- informasjon til innbyggjarane, anten det er til få eller til alle, skal vera på nynorsk. Dette gjeld også i tekstmeldingar og i sosiale medium.
- svar på førespurnader frå private skal vera på den målforma som vedkomande har nytta ved kontakt med kommunen.
- statsorgan har plikt til å nytta nynorsk i all kontakt med kommunen (jf. paragraf 6 i lov om målbruk i offentleg teneste).
- statsorgan og andre offentlege organ skal alltid få svar på nynorsk.

2. Målsetjing

All skriftleg framstilling skal ha god rettskriving og eit variert og forståeleg språk.

3. Ansvarsområde for rådmannen

Rådmannen har ansvar for:

- å syta for at alle fylgjer retningslinene i målbruksplanen.
- å laga ein plan for gjennomføring av innhaldet i målbruksplanen. Likeins er oppgåva å skapa interesse mellom dei tilsette for å skriva god nynorsk.
- å laga retningsliner for kvalitetssikring av språkbruken i kommunen. Oppgåva er òg å fylgja opp og å sjå til at dei tilsette arbeider i samsvar med målbruksplanen.
- å gje alle tilsette som arbeider med skriftleg framstilling, kurs og rettleiing i nynorsk målbruk. Slike kurs skal vera obligatoriske. Kursa må delast i grunnkurs og i vidaregåande kurs.
- å sjå til at det innanfor kvart fagområde er ein tilsett, med god språkkompetanse, som kan kontaktast dersom medarbeidarar treng språkleg rettleiing.
- å bruka administrative systemløysingar med tilgang til nynorske malar/grunntekstar.

4. Ansvarsområde for etateleiarar/områdeleiarar

Etateleiarar/områdeleiarar har ansvar for:

- å syta for at alle, innan etat eller område, fylgjer retningslinene i målbruksplanen
- å utarbeida, innanfor kvart fagområde, lister over nynorske fagord/fagomgrep og generelle omgrep som skal nyttast. Om naudsynt skal omgrepa også forklarast. (Døme på generelle omgrep er: avgjerd, framlegg, førebels, førebu, førehaving, føremål, førespurnad, handsaming, i samband med, løyving, motsegn, open, rett/rettar, røynda/røyndomen, sakshandsamar, samrøystes, sannsyn, stadfesta/stadfesting, tilrå/rå til, tilsett, tryggleik, utrekning, utsegn, vedkomande, vilkår.)
- å syta for at språket i brev, saksførebuingar, vedtak og utlysingar vert kvalitetssikra.

5. Ansvarsområde for alle tilsette

Tilsette har ansvar for:

1. å fylgja retningslinene i målbruksplanen.
2. å gjera seg kjende med nynorske fagord/fagomgrep og generelle omgrep innanfor sine arbeidsfelt. Dersom dei er usikre i språkspørsmål, må dei søkja råd, jf. punkt 3.
3. å syta for at presentasjonar – interne og eksterne – er på nynorsk.
4. å reagere dersom offentlege organ skriv på bokmål til kommunen. Den tilsette kan ta det opp sjølv med organet eller la overordna gjera det. Rådmannen skal ha rapport om problemet.

6. Barnehage og skule

- Barnehagane og skulane er heilt sentrale i utviklinga av talemålet til borna. Eit godt talemålsgrunnlag er òg ein føresetnad for å meistra skriftspråket godt. Det er difor viktig at kommunen har språkmedvitne medarbeidarar. Særleg er åra i barnehagen og dei fyrste skuleåra grunnleggjande for språkutviklinga.
- Skuleleiarar har eit særleg ansvar for å gjera dei tilsette kjende med §2-5 i lov om grunnskulen. I denne paragrafen står det at lærarane skal ta omsyn til talemålet til elevane i ordval og i uttrykksmåtar. Tilsvarande må dei tilsette i barnehagane ta dei same omsyna.

- Alt skriftleg tilfang som vert nytta i barnehagar og i skular, skal vera på nynorsk. Eitt unntak vil t.d. vera opplæring i sidemål. Nynorsk og dialekt må nyttast mest mogeleg i songar, opplesing, leikar og liknande. Den nynorske songskatten skal haldast levande i barnhagar og i skular. Unntaket er for barnehagar i bokmålskrinsar og for undervisning av elevar med bokmål som hovudmål.
- Norskopplæring av framandspråklege skal vera på nynorsk. Ansvarlege for opplæringa må saman med andre kommunar og samarbeidspartnarar arbeida for at staten gjer opplæringsmaterieil tilgjengeleg på nynorsk.

7. Retningsliner for skriftspråket

Det skal nyttast:

- dobbel bunden form (t.d. det vedtekne budsjettet).
- samsvarsbøying av verb (t.d. brevet er skrive – breva er skrivne).
- *eg* eller *me/vi* i staden for det upersonlege, ubundne pronomenet *ein*.
- aktiv og ikkje passiv setningsbyggnad.
- a-infinitiv (skal koma – skal kasta)

Legg vekt på:

- å bruka norske ord i staden for framandord.
- å variera ordvalet.
- å skriva korte periodar med få innskot.
- å bruka bindeord.

8. Stadnamn

- Retningsliner for korleis eit namnevedtak skal gjerast, finst i lov om stadnamn. I §4 står det m.a.: «(...) skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp (...)».
- Alle stadnamn, t.d. i brev, på kart og på skilt, må skrivast rett og i samsvar med namnevedtak.
- Nye byggjefelt, plassar, gater og vegar skal ha lokale namn.

9. Utlysing av ledige stillingar:

I utlysing av ledige stillingar som krev skriftleg framstilling, skal det alltid stå at administrasjonsmålet er nynorsk og at det er eit krav om å meistra nynorsk.

10. Nynorsk materieil og hjelpemiddel

- Alle skjema, blankettar, kvitteringshefte og anna som vert nytta i kommunen, skal vera på nynorsk.
- Alle kommunale og andre offentlege skilt skal vera på nynorsk. Likeins skal oppslag og plakatar i kommunale bygningar vera på nynorsk.
- Bruken av informasjonsteknologi i kommunen skal tilpassast den vedtekne målbruksplanen.
- Alle som brukar skriftspråket i det daglege arbeidet, skal ha tilgjengeleg ei nynorsk ordliste og ei fornorskingsordbok av nyare dato. Hjelp og rettleiing finst òg m.a. på nettstaden sprakradet.no

11. Medlemskap

Ullensvang kommune skal vera medlem i Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK). Kommunen skal bruka medlemskapen i LNK aktivt og skal gjera seg nytte av kompetansen som samanslutninga har i språkspørsmål og i andre tenester.

12. Oppgåver for politikarane

Dei skal:

- arbeida for å styrkja nynorsken si stilling både lokalt, i fylket/fylkeskommunen og nasjonalt.
- arbeida for å få gode ordbøker, lærebøker og digitale læremiddel på nynorsk.
- arbeida for å gjera nynorsk tenestemål til eitt av kjenneteikna ved Ullensvang kommune.

Nynorsk i vaksenopplæringa:

05.10.20 hadde Harald Jordal og Knut O. Dale møte med Morten Vevatne som er oppvekstsjef i Ullensvang og etatleiar. Han lova at frå og med skuleåret som byrjar hausten 2021, skal all vaksenopplæring vera på nynorsk.

Møtenotat måndag 5. oktober kl 12.30 - 13.30

mellom oppvekstsjef i Ullensvang kommune Morten Vevatne, leiar Odda mållag (OM) Knut O. Dale og skrivar i det same Harald Jordal.

Sakliste / emne som vart drøfta

1. Opplæringspråket i Vaksenopplæringa (VO) i Ullensvang kommune
2. Målbruksplan (språkstrategi) for nynorskkommunen Ullensvang
3. Språkstoda på ungdomsskulen i Odda
4. Nettsida til Ullensvang kommune

1. Vaksenopplæring i Ullensvang kommune.

I Kinsarvik har kommunen innført nynorsk. I Odda har det vore fram til d.d. bokmål. Planar om å gå over til nynorsk. Læreverket til såkalla normerte prøvar for B2 og B1 er no tilgjengelege på nynorsk. For nivå A2 og A1 er det lova at det kjem læremidlar på nynorsk i haust og seinast til våren. Odda skal gå over til nynorsk så snart det føreligg læremateriell. Dette er det ingen diskusjon eller usemje om. Dei som har starta med bokmål vil ha det ut løpet sitt. Frå hausten av skal utdanningstilbodet i VO i kommunen berre vera på nynorsk.

2. Målbruksplan for Ullensvang kommune,

Vevatne hadde ikkje fått avklart stoda for innføring av denne planen med rådmannen.

Jordal la vekt på dei vedtaka som ligg til grunn for målvalet til den nye kommunen, og at bokmålsbrukarane ikkje protesterte eller tok til motmæle mot at kommune tok eit prinsipielt standpunkt for nynorsk som administrasjonsspråk. Det er i seg sjølv oppsiktsvekkande. Det gjev og eit klart og presist mandat for arbeidet med å gjennomføra oppgåva med å utvikla ein skriftleg forvaltingskultur på alle nivå basert på god og oppdatert nynorsk.

Oppsummert drøfting i møtet ;

Odda mållag / evt. mållaga i kommunen ber om eit møte med ordførar/ rådmann om stoda for innføring av ein slik plan i kommunen. Det er eit mål at planen vert eit verkemiddel for å byggja kompetanse i godt språk i den nye kommunen, og slik og bidra til god kvalitet i kommunikasjonen med innbyggjarane. Dei tilsette i kommunen må få tilbod om hjelp for å bli trygge og habile nynorskbrukarar.

Oppgåve:Odda mållag sjekkar ut med Noregs Mållag om det er kommunar som har gjennomført slike prosessar med godt resultat / har gode røynsler på feltet og melder tilbake til oppvekstsjefen.

3 Språkdelinga på ungdomsskulen

Dette er ei sak som er viktig for lokalsamfunnet og for kommunen sin strategi for å trygga nynorsk som framtidsspråk i kommunen. Spørsmålet om nynorskelevane sine rettar og kommunen sine plikter er likevel av ein slik karakter det bør løysast på nasjonalt nivå. Den lettaste måten er at retten til å gå i språkdelte klassar på barnesteget vert utvida til ungdomssteget - eller den såkalla oddamodellen, Mållaget sentralt arbeider med saka som kan ordnast på forskriftsnivå ved å utvida gjeldande rett til ungdomssteget.

Kanskje kan det og vera organisasjonsutviklingsmidlar (OU- midlar) å henta her frå sentralt hald.

4. Nettsida til Ullensvang kommune

Identitetsbygging og kommunikasjon.

Vevatne oppmoda OM å ta ein kikk på kommunen si nettside og gå i dialog med redaktør for denne med tanke på tips og forbetringar.

06.10.20

Harald Jordal - referent

Tilskipingar:

Tur til Ulvik 16.08.20

Olav H. Hauge og diktinga hans stod i fokus på turen til Ulvik. Me fekk omvising på Haugesenteret og dei pensjonerte lærarane og Hauge-kjennarane Steinar Bergo og Arne Skjerven tok oss med gjennom bygda og opp til Hauge-heimen. Derifrå gjekk turen til Syse gard der ekteparet Uglenes serverte oss eit smakfullt måltid og fortalde om garden og drifta på garden. Etter turen skreiv Guri Kaland dette om turen:

Møte med Olav H. Hauge, diktinga hans og Ulvik i dag.

Eg vart glad og overaska då eg fann eit brev i postkassen der Odda Mållag inviterte til tur til Ulvik søndag 16. august. Vi vart tjuette, avreise klokka ni frå kaien i Oddas flottaste turbuss. Behagelege sete, blanke vindauge og strålande ver, så reisa på austsida med kryssing over Hardangerbrua vart i seg sjølv ei oppleving. Vakre Ulvik tek imot oss, vi stansar ved Haugesenteret. Første tanken var: No hadde det smakt med ein kopp kaffi!

Solveig Grønlien kom oss i forkjøpet, ho hadde starta tidleg, halv seks, og delte ut lekkert påsmurde baguettar, saft frå kjølebag og rykande, varm kaffi. Vi sette oss rundt omkring ute i det fri og åt ein etterlengta frukost.

Klokka elleve møtte vi i festsalen på Haugesenteret til innleiing, film og omvising. Leiaren i Odda Mållag, Knut O. Dale, hadde på alle måtar førebudd turen utruleg godt. Han hadde engasjert to Haugekjennarar, Steinar Bergo og Arne Skjerven som var med oss heile dagen, dei både las og fortalde. I festsalen fekk vi diktopplesing av nokre av dei små diktperlene som i sjela etterlet seg ein mangefasettert humor blanda med visdom.

Biblioteket på Haugesenteret rommar fem tusen av Olav H. Hauge si samling på ti tusen bøker. Diktaren budde heile sitt liv i Ulvik, han seier om seg sjølv: "Her har eg budd,-- men eg har ikkje roa meg. Hadde ein ikkje bøkene kunne ein ikkje halda ut i ei trong hole som her." Bøker frå heile verdslitteraturen finn du her, eit fleirspråkleg utval på norsk, nordisk, engelsk, tysk og fransk. Framandspråkleg var han autodidakt.

Han er rekna som vår fremste norske lyrikar i etterkrigstida. Samtidig var han ein av våre fremste og mest originale gjendiktalarar frå framande språk. Tor Obrestad seier: Han har budd avsides til, langt inne i ei norsk fjordbygd, men han har soge lærdom frå klassisk og samtidig dikting, frå vesterlandsk og austerlandsk kultur. Og denne kunnskapen er samansmelta med tanke og kjensle i universell dikting.

Frå bautaen i sentrum gjekk vi opp til Brisingabrotet og Stein Olav Kolås, barnebarn til bror til Olav H. Hauge. Dette var barndomsheimen til diktaren, her vaks han opp. Brisingabrotet ligg høgt og fritt oppå eit platå tilplanta med frukttre og bringebær, resten av garden er del av eit brattlende som skråar nedover mot sentrum. I skråninga står trea tett tilplanta på rekkje nedover. Utsikta er fenomenal, du ser heile Ulvik. Stein Olav fortalde om slekta og vi vart tilbydde gardsprodusert eplesaft.

Vidare bort til Rossvoll, heimen til Hauge. Her vart det diktlesing med diktet Seljefløyta som innleiing, om ungguten som spelar såre tonar på seljefløyta. Livet vart ikkje enkelt, kreativiteten sprengde grenser, han kjende seg i etterkant med orda og fekk mange psykiske nedturar. Lesing og utvikling av språk førde til eit stadig rikare tonesett av ord og vi fekk opplesing av dikt som Bergo og Skjerven fletta inn i livsringen hans.

Det var ei fin stund, det var steikande varmt, eg sat i skuggen under eit tre og lydde. Sjølv seier Hauge at det nittenårige samlivet med Bodil Cappelen var dei beste åra i livet hans. Eg kan ikkje dy meg, eg tek i denne samanhengen med diktet Svevn: Lat oss glida inn/ i svevnen, i den/ logne draumen,/ glida inn – tvo/ deigemne i den/ gode bakaromnen/ som heiter natt./ Og so vakna/ um morgonen/ tvo gylne/ kveitekakor!

Bussen venta i ein sving lenger nede og vi køyrde til Syse gard. Vi var venta, Knut hadde ordna alt og eit sympatisk ektepar, Gro og Hans Uglgenes, drivarar av garden, ynskte oss velkomne. Alt vi fekk servert var produsert på garden. Ei vedunderleg betasuppe med røykt kjøt og grønnsaker, flatbrød og heimebaka brød med sjølvkinna smør. Torstedrikka var kald sjølvprodusert eplesaft. Under måltidet fekk vi fortalt saga til garden, slektene som hadde drive før, og sjå film om garden si drift i dag der heile familien deltek. Dei har tre born. Til dessert hermetiske plommer med krem! I tillegg kaffi, smak av eplevin, fleirgradert, og smak av moreller, spekekjøtt og sjølvprodusert røykt pølse, alt kan kjøpast. I underetasjen har dei butikk, gjett kva eg kjøpte: To glas hermetiske plommer!

Heim kørde vi over Espelandsdalen til Kvanndal med ferje til Utne. Heime i Odda forlet vi bussen såre fornøgde.

Guri Aasen Kaland. Glad og takksam turdeltakar

Kulturkvelden 15.11.20:

Av innhaldet i kulturkvelden kan me nemna: Presentasjon av Odda i manns minne nr 29. Overrekking av målprisen 2019 til Oddbjørn Lynghammar. Kåseri om Røldal av Oddbjørn Lynghammar. Tevling med historiske spørsmål, laga av Harry Solberg og Håkon Tverdal. Vidare stod bokutlodding og sal av Odda i manns minne på programmet. Det var allsong med Vidar Børve på pianokrakken.

Vel 30 menneske hadde funne vegen til Ungdomshallen denne sundagskvelden. Tilskipinga var eit samarbeidstiltak med Odda Ungdomslag.

Målprisen 2019

Oddbjørn Lynghammar fekk Målprisen for 2019.

Her er grunngjevinga for tildelinga:

«Odda Mållag ser på Målprisen som eit synleg og effektivt verkemiddel til å fremja nynorsken si sak, og som eit signal og oppmuntring til alle dei som arbeider for nynorsk som skriftspråk, identitetsmerke og kulturverdiberar gjennom å ta det i bruk. Målprisen vert gjeven av årsmøtet i Odda Mållag til personar, private føretak og firma, frivillege lag, offentlege institusjonar og kommunar.

Kandidaten i år heiter Oddbjørn Lynghamar - f. 1952 og har med tida blitt ein markert samfunnsaktør i Røldal – i Odda kommune - no Ullensvang kommune. Han står som ein konsekvent brukar av røldalsmålet og nynorsken i all si ferd.

Oddbjørn er glad i folket, bygda si og dei livsformer og verdiar som lokalsamfunnet i Røldal er berarar av. Dette ber han og vidare ut i verda. Oddbjørn har evna til lytta til kva som vert sagt og gler seg som eit barn over presise og treffande formuleringar og det melodiose og særmerkte ved talemålet i Røldal.

Godt røldalsmål er som god musikk sjøl om det er uten tonar, seier Oddbjørn.

Det kan her vera verdt å tenkja på at Røldal ikkje verken kulturgeografisk eller økonomisk har vore ein del av Hardanger, og har ein særmerkt historie som skil seg markert frå resten av både Odda og den nye kommunen Ullensvang.

Røldal er ikkje stor i folketal, men det er ei bygd som har eit ord i verda som er større enn det folketalet skulle tilseia.

Røldal har lange tradisjonar som møteplass mellom aust og vest.

Her møttest fjellvegane frå Hardanger, Ryfylke, Setesdal, Telemark, Numedal og Hallingdal enten det var Røldalsmarknaden eller pilegrimsferd til stavkyrkja som var målet.

Kin var det som i praksis starta opp med lokalkulturinspirert reiseliv i Røldal, med Røldalstunet - utforma med vekt på lokal byggeskikk og kortreiste mat på tallerkenen - ja Oddbjørn.

Kin var det som støtta mållaget sin aksjon om å bruka nynorsk og dialekt i reiselivsnæringa og som ville ha skyttelbuss og ikke shuttlebus - ja det var Oddbjørn.

Kin er det som er fast auksjonarius på den nye Røldalsmarknaden som reiste seg som ein fugl Fønix - og vart ein dugnadssuksess for bygda - ja Oddbjørn.

Kin har engasjert seg i

* lokal historieforteljing gjennom Røldal historielag

* illustrerte historiske føredrag med Røldal som tema

* leiar i styret for Røldal bygdemuseum

* intervjuing av folk som har noko å fortelja og formidling i mange kanalar?

Jau, det er og Oddbjørn!

Kin er det som alltid fortel røldalssoger med varme, snert og glimt i auga når han er ute mellom folk i lyd og lag? - jau Obben!

Han ser bakover for å kunna sjå frimodig framover, og set ikkje ljuset sitt under ein mjølkeholk - men spreier det ut med kjærleik og engasjement!

Storverket "Fjellfolket" er siste skot på stamma. Her serverer han oss portrett av menneske, bygd og landskap på dialektfarga nynorsk. Han går nærare inn på korleis folk levde og livnærte seg i ei fjellbygd som var vakker om sommaren, men elles baud på harde kår frå naturen si side, men som no opplever andre realitetar. I ingen kommune i Hordaland kom dei nye tidene så seint og så fort som i Røldal. Det er enno mange i Røldal som hadde barndom og oppvekst utan elektrisitet og innlagt vatn og do.

Og ikkje nok med Fjellfolket - han har lova meir. Den neste boka skal handla om utvandringa frå Røldal til Amerika.

Du veit at Oddbjørn er frå Røldal når du har snakka med han ein gong - og du hugsar både kva han sa og korleis han sa det.»

Denne innstillinga frå styret i Odda Mållag vart lesen opp og samrøystes vedteken på årsmøtet i laget i Ungdomshallen 23. februar 2020.

Økonomien:

Odda Mållag har god økonomi. Rekneskapen vert lagd fram på årsmøtet.

Gåver, tilskot og andre påskjøningar:

Odda Mållag har løyvt 10 000 kr til Hordaland Mållag.

Odda Mållag løyvde 1500 kr til ei lysing i bladet Motmæle. Motmæle er bladet til Norsk Målungdom.

Odda Mållag løyvde 2000 kr til Voss Mållag. Løyvinga var til minne om Johannes Gjerdåker som gjekk bort våren 2020.

Arne-Ivar Kjerland fekk 2000 kr til utgjevinga av boka om Thrond Sjursen Haukenæs.

Odda Mållag betalte 1500 kr for ei jolehelsing på Radio Folgefonn.

Elena Lutro Berntsen, avgangselev på Odda vidaregåande skule våren 2020, fekk Nynorskprisen på 2500 kr. Prisen er ei påskjøning for å vera ein dugande nynorskelev.

Odda i manns minne:

I skriftstyret: Harry Solberg, Kristen D. Eitrheim, Ingvild Jøsendal og Harald Jordal. Opplaget var på 1150 bøker, og så godt som heile opplaget er utselt. Også dette året tok Solveig Grønlien og Håkon Tverdal seg av salet.

Storparten av salet var i den lokale bokhandelen (Norli-bokhandelen) i Odda. I tillegg var det ein del netthandel.

For skriftstyret har det vore ei glede å samarbeida med Odda Trykk & Reklame AS om utforminga og trykkinga av boka.

Dette var den 29. utgjevinga av Odda i manns minne og kvaliteten på boka var fullt på høgde med tidlegare utgåver. Harry Solberg og resten av skriftstyret gjer år etter år ein stor, ja ein formidabel innsats!

Opptrykking av årsmeldinga for 2019:

Styret trykte opp 400 eksemplar av årsmeldinga for 2019. Prisen for opptrykkinga var 4060 kr.

Me fekk løyve til å dela ut årsmeldinga på landsmøtet til Noregs Mållag, men sidan det fysiske landsmøtet vart avlyst, sit me att med ei stort restopplag.

Møte med leiaren i Noregs Mållag Peder Lofnes Hauge og leiaren i Hordaland Mållag Torstein Vik Århus.

06.11.20 vitja Solveig Grønlien, Harald Jordal og Knut O. Dale Peder Hauge i Bergen. På møtet var det særleg Oddamodellen (den språkdelte ungdomsskulen) og eksamensordningar i den vidaregåande skulen som stod på dagsorden. På veg attende til Odda møtte me leiaren i Hordaland Mållag på arbeidsplassen hans på Fusa vidaregåande skule.

Det nye prinsippprogrammet til Noregs Mållag:

Før landsmøtet sende styret i Odda Mållag dette innspelet til landsmøtet.
(Det som er kursivert nedanfor, er presiseringar frå Odda Mållag til utkastet til nytt prinsippprogram.)

Nynorskopplæringa i norsk skule skal gjere det mogleg for alle elevar å bli trygge nynorskbrukarar

Alle elevar i den norske grunnskulen har rett til *fullgod* opplæring på sitt eige språk gjennom heile skuleløpet.

Opplæringa i nynorsk og bokmål i skulen skal vere like god. *Lovfesta* rett til *språkdelte klassar på ungdomssteget er eit tiltak for å nå kravet om fullgod opplæring på eige språk.*

Styret i Noregs Mållag utsette prinsippprogramsaka på det digitale landsmøtet i oktober.

Skattefrådrag på gåver til fylkeslaga:

Dette framlegget frå Odda Mållag vart vedteke på det digitale landsmøtet til Noregs Mållag 16. og 17.oktober 2020.

Nynorskprosenten i Odda-skulane:

Denne er på 67,4 %. 26. og 28.01.20 hadde Odda Mållag ei annonse i Hardanger Folkeblad. Bodskapen i lysinga er at det er sterke grunnar for foreldra til å velja nynorsk opplæringsmål for borna.

Heimeside:

<http://odda-mallag.no/>

Håkon Tverdal legg ut oppslag på sida.

Etterord:

Nynorsk er eit allment og jamstelt skriftspråk her i landet. Når Utdanningsdepartementet no reduserer kravet til dugleik i sidemålet i forhold til kravet til dugleik i hovudmål, er dei med på å undergrava statusen til nynorsk som allment og jamstelt skriftspråk i Noreg. Her fylgjer dei opp politikken til SV-statsråden Bård Vegard Solhjell i Stoltenberg-regjeringa som frå og med 2009 gjorde sidemålet til trekkfag til eksamen i den vidaregåande skulen.

Med vedtaket om lågare krav til dugleik i sidemål kjem målbytet i den vidaregåande skulen til å auka endå meir. Når halvparten alt no byter hovudmål frå dei byrjar i barneskulen til dei går ut or den vidaregåande skulen, provar dette at nynorskelevane jamt over meistrar bokmål betre enn nynorsk.

Vidare har me heller ikkje i 2020 fått framgang i arbeidet for lovfesting av språkdeling på ungdomssteget slik som det er på barnesteget.

Odda Mållag tykkjer mållaget sentralt ikkje har gjort nok for å utfordra dei politiske partia i desse to sakene. Det skulle vore sjølvsagt at Noregs Mållag sa klart ifrå kva mållaget meiner, og kravt klare svar frå dei politiske partia på desse livsviktige målsakene.

Odda 08.02.21

Styret i Odda Mållag